



## Innkalling Kommunestyret

**Møtedato:** 21.01.2021  
**Møtested:** Teams-møte (evt kommunehuset for dei utan nett)  
**Møtetid:** 18:00 - 22:00

Austrheimskulen i framtida - Skulestruktur 2021

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

Saksnr	Tittel
001/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/21	Godkjenning av møteprotokoll
003/21	Orienteringssak
004/21	Revisjon av selskapsavtale Nordhordland Utviklingsselskap IKS
005/21	Framtidig organisering av Nordhordland digitalt
006/21	Slutthandsaming Austrheimskulen i framtida - skulestruktur 2021

Austrheim 14. januar 2021

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/21	Kommunestyret	PS	21.01.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4991

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/21	Kommunestyret	PS	21.01.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4991

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 10.12.2020

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/21	Kommunestyret	PS	21.01.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4991

### Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/21	Formannskapet	PS	14.01.2021
004/21	Kommunestyret	PS	21.01.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Liv Løvvik	FE-000, TI-&17	20/184

## Revisjon av selskapsavtale Nordhordland Utviklingsselskap IKS

### Vedlegg

Selskapsavtale Region Nordhordland IKS - rev desember 2020

Saksframlegg til kommunane - utgreiing ny Selskapsavtale Nordhordland Utviklingsselskap IKS - revisjon 2020

### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner revidert selskapsavtale med fylgjande endringar:

1. Alver kommune overtar eigaransvaret til kommunane Lindås, Meland og Radøy.
2. Vaksdal kommune trer inn som ny medeigar i selskapet.
3. Det vert gjort endring av røystetal, eigar/ansvarsdel og kostnadsdeling.
4. Selskapet skiftar namn frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS til Region Nordhordland IKS.

### Formannskapet - 004/21 - 14.01.2021

#### FS - behandling:

Rådmann Liv Løvvik orienterte kort om at dette er ei sak som kjem på grunn av endringane i kommunestruktur.

I tillegg er Vaksdal inne som ny eigarkommune.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### FS - vedtak:

Austrheim kommune godkjenner revidert selskapsavtale med fylgjande endringar:

1. Alver kommune overtar eigaransvaret til kommunane Lindås, Meland og Radøy.
2. Vaksdal kommune trer inn som ny medeigar i selskapet.
3. Det vert gjort endring av røystetal, eigar/ansvarsdel og kostnadsdeling.
4. Selskapet skiftar namn frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS til Region Nordhordland IKS.

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

### **Vurdering**

Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) vart stifta 5. januar 2012, etter å ha skifta namn frå Regionrådet Nordhordland IKS. Selskapet var då eigd av dei ni kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Lindås, Meland og Radøy slo seg saman til Alver kommune frå og med 01.01.2020, slik at det no er sju kommunar som er eigarar. Dette gir krav om endring av selskapsavtalen.

I tillegg har Vaksdal kommune eit ønskje om bli med i Nordhordland Utviklingsselskap IKS/Regionrådet. Vaksdal kommune har over lengre tid vore med på ein del av samarbeidet i regionen, bl.a. har dei vore med i IKT Nordhordland frå starten av i 2011. Kommunen deltar også på ein del tenestesamarbeid og rådmannen er med i rådmannsutvalet. I og med at det må gjerast endring av selskapsavtalen vil det vera ein fordel å ta med den utvidinga av selskapet no.

Selskapet har fått frist ut året av Brreg med å få på plass ny selskapsavtale som er godkjent i kommunane. Endring av selskapsavtalen krev at alle kommunestyra gjer likelydande vedtak. Det betyr at saka må vera godt forankra og ha ei brei forståing før den går ut til kommunestyra for handsaming.

### **Konklusjon**

Austrheim kommune godkjenner revidert selskapsavtale med fylgjande endringar:

1. Alver kommune overtar eigaransvaret til kommunane Lindås, Meland og Radøy.
2. Vaksdal kommune trer inn som ny medeigar i selskapet.
3. Det vert gjort endring av røystetal, eigar/ansvarsdel og kostnadsdeling.
4. Selskapet skiftar namn frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS til Region Nordhordland IKS.

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/21	Formannskapet	PS	14.01.2021
005/21	Kommunestyret	PS	21.01.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Liv Løvvik	FE-000, TI-&17	20/184

## Framtidig organisering av Nordhordland digitalt

### Vedlegg

Sak 26-20. Saksframlegg politisk NH digitalt

### Framlegg til vedtak:

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.

Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

### Formannskapet - 005/21 - 14.01.2021

### FS - behandling:

Rådmann Liv Løvvik orienterte kort om at dette er ei sak som kjem på grunn av endringane i kommunestruktur.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

### FS - vedtak:

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.

Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

## Saksopplysninger:

### Bakgrunn

Nordhordland digitalt starta opp i 1999 med forvaltning av geodata og vart eigd og drifta av Regionrådet i Nordhordland IKS (no Nordhordland Utviklingselskap IKS). Samarbeidet utvikla seg gradvis til å omfatte felles geografiske informasjonssystem (GIS), felles prosedyrar for handtering av oppmålingsaker/matrikkelen, adressering samt felles prosedyrar for handtering av plan- og byggjesaker.

I 2012 vart det inngått avtale om interkommunalt samarbeid etter tidlegare kommunelov § 27 (eige styre til løysing av felles oppgåver). Deltakarkommunane var Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal. I oppheva kommunelov §27 nr. 1, 1. ledd går det fram kva administrativ form for interkommunalt samarbeid dette er:

*To eller flere kommuner, to eller flere fylkeskommuner, eller en eller flere kommuner og en eller flere fylkeskommuner, kan opprette et eget styre til løsning av felles oppgaver. Kommunestyret og fylkestinget gjør selv vedtak om opprettelse av slikt styre. Til slikt styre kan kommunestyret eller fylkestinget selv gi myndighet til å treffe avgjørelser som angår virksomhetens drift og organisering*

I samarbeidsavtalen frå 2012 er det fastsett at samarbeidet har eit fagstyre med ansvar for organisering og drift av samarbeidet. Fagstyret har vore administrativt samansett med representantar frå alle kommunane.

Radøy kommune har vore kontorkommune med fakturering og rekneskap samt hatt arbeidsgjevaransvar for sekretær.

Føremålet med samarbeidet er i samarbeidsavtalen oppgitt til å vere:

*Nordhordland Digitalt skal vera eit organ der kommunane i regionen samarbeider om utvikling av e-kommunen, felles geografiske informasjonssystem (GIS), felles prosedyrar for handtering av plan- og byggjesaker og felles prosedyrar for handtering av oppmålingsaker/matrikkelen og adressering.*

*Regionen skal ha ei effektiv, økonomisk og oppgåvetilpassa organisering av den del av verksemda som er knytt til arealplan, byggesak og geomatikk. Samarbeidet skal ha fokus på felles nytte for regionen, einsarta forvaltning og lik haldning til brukarane.*

*Kart- og geodatatenestene i Nordhordlandsregionen skal vere framtidsretta og gje grunnlag for utvikling av ein dynamisk vekstregion og effektiv offentleg sektor. Plan- og byggjesaksbehandlinga skal ha høg fagleg kvalitet og vere profesjonell i høve til nærings- og bustadutbygging.*

Samarbeidet har vore aktivt og mykje har vore løyst i fellesskap som den einskilde kommune elles ville måtte ordne på eige hand. Blant anna administrerer samarbeidet Nordhordlandskart som er eit svært nyttig verktøy for kommunane. Av ulike prosjekter som samarbeidet har hatt ansvar for, kan det trekkast fram adresseprosjektet i regionen. Samarbeidet på byggjesak og plan har vore tett og har økt kvaliteten på området med blant anna standardisering som eit viktig produkt.

Nordhordland digitalt eig matrikkelklientar for alle kommunane i samarbeidet og for andre samarbeid i Nordhordland, som t.d. Nordhordland brann og redning. Matrikkelklientane er av typen eiger/festers namn, bustadadresse og fødselsdato. Kommunane har matrikkeltilgang for sin eigen



kommune. Matrikkeltilgangane er styrande for og mogleggjer geodatasamarbeidet.

Nordhordland digitalt har rettane/ansvaret for Kartkatalogen (Kartverket sin nasjonale katalog) og for metadata gjeldande [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no). Samarbeidet eig lisens på webkartsystemet Adaptive som er motoren for all webkartbruk for samarbeidet.

For å kunne vere eigar for det ovanfor nemnde, er Nordhordland digitalt registrert som eige rettssubjekt i Brønnøysund.

Nordhordland digitalt forsyner samarbeidet med naudsynt geografisk informasjon på tvers av kommunegrensene, døme på dette er NGIR og BIR.

Samarbeidet kan løysast opp når deltakarkommunane er samde om det, jf. avtalen punkt 13, 2. ledd.

### **Økonomi:**

Nordhordland digitalt hadde i 2019 et budsjett med driftsutgifter på til saman kr 989 800. Løn og sosiale utgifter kr 395 000 samt frikjøp av ressursar frå andre kommunar kr 285 000 utgjer største delen av budsjettet. I tillegg kjem lisensar, andre driftsutgifter og ein administrativ kostnad. Driftsutgiftene blir fordelt mellom deltakarkommunane etter ein nøkkel med 1/3 fast og 2/3 etter folketal.

### **Saksopplysningar:**

Der er stor tilslutnad i regionen til samarbeidet, men organiseringa av området har over tid vore diskutert. Allereie i 2013 var rådmannsutvalet innstilt på å flytta oppgåva til NUI, men dette stoppa då opp fordi ein måtte klargjera kva det betydde at det var inngått avtale om interkommunalt samarbeid etter tidlegare kommunelov § 27. Så vart dette liggande nokre år før rådmannsutvalet sette på dagsorden igjen grunna endring av kommunelova.

Interkommunalt samarbeid med et styre som har ansvar for organisering og drift er ikkje ein alternativt organiseringsmåte av interkommunalt samarbeid etter gjeldande kommunelov.

Rådmannsutvalet i Nordhordland har vurdert at samarbeidsforma bør endrast. Rådmennene ser trong for ein sterkare tilknytning med ein klar overordna rolle.

Samanslåing av Lindås, Meland og Radøy til Alver kommune gjer det uansett naudsynt å endre samarbeidsavtalen.

Annan organisering av samarbeidet krev at gjeldande samarbeid etter tidlegare kommunelov § 27 formelt oppløysast.

Forslag til ny organisering av samarbeidet er todelt med eit administrativt samarbeid innan byggesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata organisert inn under NUI. Her er satsing på digitalisering og innovasjon allereie organisert og ein legg då til rette for tett samarbeid med all utviklingsarbeidet som skje gjennom NUI.

Fagrådet (tidlegare fagstyret) har handsama framtidig organisering, og ynskjer at samarbeidet vert organisert inn under NUI.

Det er trong for at Nordhordland digitalt formelt held fram som registrert eige rettssubjekt, dette først og fremst for å kunne handtere eigarrettane som er omtalt ovanfor. Dette vil kunne organiserast inn under NUI, noko vedtektene for NUI legg til rette for. Administrative ressursar til å handtere Nordhordland digitalt vil vere innanfor det som er dagens løysing.

Når det gjeld det reint faglege samarbeidet på blant anna byggjesak og plan er det føremålstenleg at dette organiserast som administrativt samarbeid slik dei andre fagområda i regionen er organisert, til dømes helse og omsorg. NUI kan vere koordinerande instans. Samarbeidet kan forankrast i ein administrativ samarbeidsavtale vedteken på rådmannsnivå.

Rådmennene vil gjennom rådmannsutvalet vere styringsgruppe for det administrative samarbeidet. Det er lagt opp til at samarbeidsgruppa utarbeidar forslag til årlege handlingsplanar og budsjett som styring av aktiviteten i samarbeidet. Budsjett, handlingsplanar og prosjekter vedtakast av styringsgruppa. Nettverksgrupper og prosjektgruppe vil bli etablert ved trong i det einkilde tilfellet.

Rådmennene vil arbeide vidare med organisering av det faglege samarbeidet ved politisk vedtak om oppløysing av eksisterande samarbeid.

Rådmannsutvalet sluttar seg til framlegg til vedtak i kommunestyra (under) og ber NUI senda fram saka.

## **Konklusjon**

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.

Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/21	Formannskapet	PS	14.01.2021
006/21	Kommunestyret	PS	21.01.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FA-A00, TI-&20	20/4419

### Slutthandsaming Austrheimskulen i framtida - skulestruktur 2021

#### Vedlegg

Innspel ny skulestruktur Austrheim kommune  
Austrheim KrF - Høyringsuttale skulestruktur  
Austrheim kulturskule - Høyringsuttale skulestruktur  
SU Kaland barne- og ungdomsskule - Høyringsuttale skulestruktur  
Skjema - SU Kaland barne- og ungdomsskule - Høyringsuttale skulestruktur  
Utdanningsforbundet Austrheim - Høyringsuttale skulestruktur  
Skjema - Utdanningsforbundet Austrheim - Høyringsuttale skulestruktur  
Årås skule, inkludert FAU, SU og elevrådet - Høyringsuttale skulestruktur  
Skjema - Årås skule FAU og SU - Høyringsuttale  
Høyringsbrev - Høyring om Austrheimskulen i framtida - Skulestruktur 2021  
Austrheimskulen i framtida - Skulestruktur 2021 - utgreiing og tilråding  
Norconsult Tilstands-og mulighetsstudie - hovudrapport  
Tilstandsrapport Kaland Skule  
Tilstandsrapport Årås skule  
Austrheimskulen i framtida - skulestruktur 2021 - høyringsgrunnlag  
Tilstands- og moglegheitsstudie av skulebygga i Austrheim kommune - rapportar frå Norconsult  
Avtale med Hordaland fylkeskommune - samarbeid i grunnoppl (L)(139806)  
Høyringsdokument skulestruktur (L)(141884)  
Rapport-8-13 samarbeid Austrheim (L)(143861)

#### Framlegg til vedtak:

*Kommunestyret vedtek:*

Austrheimsskulen skal vere prega av trygge, gode, inspirerande og utviklande lærings- og skulemiljø. Dette vil gjelde både det fysiske og psykiske skulemiljøet.

### Skulestruktur:

- Ungdomssteget vert samla ved Årås skule. Det vert lagt opp til ein opptrappingsplan slik at 7. steg ved Kaland skule startar på ungdomssteget ved Årås skule hausten 2021. 10. steg fullfører ungdomsskuleløpet ved Kaland barne- og ungdomsskule.
- Årås skule vert frå skuleåret 2021 Årås barne- og ungdomsskule.
- Kaland barne- og ungdomsskule, blir frå hausten 2022 rein barneskule og vil då få namnet Kaland barneskule.
- Inntaksområdet for ungdomssteget i Austrheim vert heile Austrheim kommune. For barnestega vil gjeldande kringsgrenser halde fram. Kringsgrenser Kaland skule: Leirvåg/Litlås/Kaland, Fønnes og Bakkøy. Kringsgrenser for Årås barnesteg: Nøten/Litleindås, Leikvoll/Førland, Hopland/Bergsvik/Lerøy, Austrheim, Sætre, Årås, Budal/Toftgård/Ulvøy, Rebnor/Øksnes/Dyrnes og Øyane. Årås ungdomsskule: Heile Austrheim kommune.

### Andre tilrådingar:

- Det vert innført femdagarsveke for alle elevar i Austrheim frå og med hausten 2021.
  1. Det vert utarbeidd samla fag- og timebyteplan for Austrheimskulen for å samkøyra start- og sluttidspunkt i så stor grad som mogleg.
- Det skal etablerast eit tenleg samarbeid med Austrheim vidaregåande skule vedk. arbeidslivsfag, forsering av fag, teknologi etc.

### Skulebygg/skuleområde:

- Prinsippa i rapporten vert lagt til grunn som skulebruksplan for framtidig skulebygg.
- Skulane vert sett i stand i tråd med tilrådinga i rapporten til Norconsult.
  1. For Årås skule må det setjast av midlar i tråd med investeringsbehova for lett ombygging/oppussing.
  2. For Kaland skule må den tilretteleggjast for at spesialiserte rom kan lokalisast i eksisterande bygg. Kostnadsramme for lett, middels og tung investeringsbehov.
  3. Det vert lagt ein framdriftsplan for at desse skal vere klar så snart som mogleg. Det vert sett av ei samla investeringsramme på kr 15 mill i tråd med investeringsbehovet.
- Rådmannen kjem attende med eiga sak på endelege kostnader og plan for investeringar knytta til skulebygga. Det vert sett i gang forprosjekt slik at ein har mål om at arbeidet kan slutførast innan skulestart hausten 2022. Som ein del av dette arbeidet skal også plan for oppgradering av uteområda, samt inventar vere ein del av prosjektet.
- Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for ein 10 årsperiode som sikrar gode skulebygg og vedlikehaldsetterslep. Finansiering av desse tiltaka må sjåast i samheng med midlar gjort tilgjengeleg gjennom sal av eigedomar, frigjering av tilgjengeleg overskot og i tråd med finansreglementet.
- Kaland 1 vert ikkje lenger nytta til skuledrift. Det må i eiga sak vurderast tiltak/bruk for Kaland 1 i framtida.
- Modulbygg på Kaland vert nytta til personalavdeling til Kaland barnehage. Det vert sett i gang eit arbeid for å kostnadsrekna løysinga og ein kjem attende med eiga sak. Modulbygget vert nytta som avlastning så lenge skulen har behov for det.

### Austrheim kulturskule:

- Austrheim kulturskule blir administrativt samlokalisert med Kaland barneskule.

Kulturskolen skal framleis vere desentralisert. Det vil vere mogleg å utvikle Kaland barneskule til eit framtidig kulturskulesenter i tillegg til dagens lokalitetar for kulturskolen. Administrativt blir kulturskolen lagt under Kaland skule og tenestetilbodet må forankrast i ein musikk- og kulturskuleplan.

***Prinsippa i rapport: «Austrheimskulen i framtida – skulestruktur 2021» ligg til grunn for Austrheimskulen i framtida.***

### **Formannskapet - 006/21 - 14.01.2021**

#### **FS - behandling:**

I starten av saka vart det vurdert om Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) var ugild, på grunn av at han er tilsett ved ein av skulane i kommunen. Ordførar Per Lerøy (Ap) innstilte på at Dyrkolbotn ikkje var ugild, og resten av formannskapet var samde i det.

Undervegs i møtet tok kommunalsjef service og forvaltning, Thomas Lindås, over rolla som rådmann.

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Bjørnar Fjellhaug, orienterte om saka. Fjellhaug gjekk gjennom dei innspela som har komme i høyringsrunden.

Ordførar Per Lerøy (Ap) takka for orienteringa, og sa at han håpa at ein kan oppnå dei resultatata for skulane som er førespegla, og som er ønska av politikarane.

Morten Sognnes (H) sa at skulen på Kaland er ein veldig viktig del av miljøet på Kaland, med mykje liv etter skuletid, og sa at han frykta at dette kan bli redusert etter ei flytting av ungdomsskulen til Årås. Når det gjeld elevane frå Åsheim-krinsen så sa Sognnes at han ikkje trur det er ønskt frå administrasjonen at desse skulle tilbake til Alver, men det er ein del som trur dette. Det må komma veldig godt fram at endringa for prisen Alver kommune skulle betala for Åsheim-elevane, ikkje vart gjort for å kunna flytta ungdomsskule-elevane til Årås.

Sognnes spurte vidare om ikkje Kaland 1-bygget kan brukast vidare til enkelte føremål, som til dømes kontorlokale for PPT, kulturskule eller bibliotek?

Ordførar Per Lerøy sa at det er nettopp Kaland 1-bygget, saman med Rongevær kurs- og fritidssenter, som ein skal sjå på først i det utvalet som skal opprettast for å vurdere bruk av kommunale bygg. For Kaland 1 kan første etasje takast i bruk på mange måtar. Kanskje også som erstatning for Vardehuset, eller lokale for Rockeklubben? Kan bruka andre etasje til SFO, det har vore ei god løysing tidlegare. Bygget må haldast levande, og ikkje stå som ein ruin på skuleplassen.

Lerøy sa om høyringsuttalen frå SU på Kaland at den fortener skryt, er klar over at det smertar for dei å flytta ungdomsskulen. Må syta for at Kaland 1-bygget kan vera levande også vidare. Det er spesielt at ein no legg ned ungdomsskuledrifta på Kaland, 50 år etter at Kaland opna den første ungdomsskulen i Austrheim. Kaland skule skal halda fram med drifta, men som rein barneskule utan ungdomsskule.

Morten Sognnes (H) sa at det er kjempeviktig at ein satsar på den barneskulen ein har på Kaland, og gjer den attraktiv og god. Ta gjerne inn i vedtaket at ein skal sjå på barneskulestrukturen om fem år,

og gjer noko med dette innan ti år.

Per Lerøy (Ap) sa om elevtalet på Kaland framover at kommunen har tatt grep for å leggja til rette for nye bustader på Kaland/Fonnes, samt lagt til rette for næringsutvikling med nye næringsområde og dermed nye arbeidsplassar. Jobbar for å sikra at folk ønskjer å bu i Austrheim, og i dette området.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det er rett å samla ungdomsskule-elevane i ei gruppe, og få nye grupper for elevane etter barneskulen. Bra at det er faglege grunnar for denne endringa, og ikkje økonomien i kommunen.

Glad for at det er stort sett positive tilbakemeldingar, dette er ei sak som ein ikkje heilt har våga å ta i politisk tidlegare. Når det gjeld organiseringa av kulturskulen sa Austrheim at med ei deling der det administrative vert lagt til rektor på Kaland og ein fagleiar i tillegg, ser ikkje kvifor ikkje denne fagleiar bør ha personalansvar. Dersom rektor på Kaland skal ha dette ansvaret, så bind ein seg opp til framtidige utlysingar der denne må ha kulturskule-bakgrunn. KrF ønskjer at ein tek ut det siste punktet i vedtaket, og leiar i kulturskulen heller bør vera knytt direkte til kommunalsjef oppvekst.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er kjekt å sjå at det er mykje positive tilbakemeldingar, men må også vera klar for å ta fatt i det som måtte vera av kritiske tilbakemeldingar. Legg til at det også er det sosiale som er viktig for samanslåinga, i tillegg til det faglege som nemnt av Anne Dahle Austrheim.

Brekke støttar det som er framlegg for endring av kulturskule. Om namn på skular støttar Brekke at det er Kaland skule og Årås skule. Om femdagarskule må ein sjå på kva kostnader det vert for familiane om det er meir SFO, og om det er gjennomførbart med skyss. Støttar tanken om å dela undervisninga over fem dagar, men sjå på desse tinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at han forstår innspelet frå Morten Sognnes. Enkelte har spelt inn at dette kjem på toppen av å mista Åsheim-elevane til Alver. Lagt inn eit tillegg til vedtaket, der det heiter at ein skal gjera det ein kan for å halda på elevane frå 1. til . klasse, og la desse fullføra barneskulen på Kaland. Det er 15. elevar frå 1. til 6. klasse, å gå barneskulen ferdig på Kaland betyr mykje for desse elevane, og for dei andre som går i klassen. Støttar Kaland skule og Årås skule som namn på skulane. Sa om skuleveg at ein må sjå på Bakkakryssset, og om bygg at det må vera heilt sikkert at ein får gjennomført det som er sagt.

Bjørnar Fjellhaug sa at det var uheldig at endringa for elevane for Åsheim-krisen kom midt oppi dette, men det var ikkje tilsikta frå kommunen si side. Har gjort det ein kan for å ha desse elevane med vidare, men det er Alver kommune som etter opplæringslova har ansvaret for desse. Har signalisert at ein kan fasa desse ut etter kvart, slik at dei som alt går på Kaland kan fullføra barneskuleløpet sitt der. Kan nok vera at Alver-politikarane har vurdert økonomi som viktigare enn det pedagogiske tilbodet til elevane, når ein har sagt at elevane skal fasast ut frå hausten alle saman.

Fjellhaug sa vidare at dersom Kaland 1 skal brukast må det vera iht. dei krava som er for arbeidsplassar, men med dette på plass kan det gjerne brukast av kulturskule, PPT og andre. Men dette må vurderast av det utvalet som skal sjå på dette.

Om omorganisering av kulturskulen sa Fjellhaug at det har det vore ei deling også i dag, og for den løysinga som er tenkt no, skal det ikkje vera tvil om at kulturskuleleiar skal ha ansvaret for det faglege og fordelinga av ressursar i kulturskulen. Dette vert organisert ulikt i ulike kommunar.

Om SFO sa Fjellhaug at ein må sjå på organisering og behov her, veit ikkje korleis dette slår ut, skal rekna på det før handsaminga i KS 21/1. Foreldre kan få støtte til SFO-kostnad.

Skyssbehovet skal meldast inn til Skyss innan 1. mars, deretter set dei opp tilbodet. Er i dialog med

Skyss. Om det er auka kostnad til skyss, meiner Fjellhaug at det er ein gevinst ein får tilbake i betre læringseffekt.

Ordførar Per Lerøy sa at ei utbetring av Bakkakrysset er prioritert i trafikksikringsplanen, dette skal ein ta opp med fylket for å få midlar, og ha det med seg i den neste rulleringa av trafikksikringsplanen. Om Åsheim-elevane sa Lerøy at det nok er viktigast for Alver å fylla opp eigen skule på Lindås og ta ansvar for eigne elevar.

Til Inger Lise Brekke svara Fjellhaug at endringa for kulturskulen skal knytta denne tettare til skulane, som er i tråd med siste endringar i læreplanen, med tettare band mellom kulturskulen og skulane. Andre stader har ein fått til kulturskuledagar i skulane, og ser at ein kan bruka kulturskulen til så mykje meir enn i dag.

Inger Lise Brekke (H) takka for svaret og sa at det er bra å integrera kulturskulen tettare med skulen, og ikkje at det er noko eksklusivt som er utanfor. Spurte også om leksehjelp. Her svara Fjellhaug at dette er noko ein må sjå på vidare opp mot kva som er slutt-tidspunkt. Retten til skyss fell bort dersom ein elev tek imot SFO-tilbod eller tilbod om leksehjelp. Må sjå nærare på korleis ein løyser dette opp mot busstider.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa vidare om organisering av kulturskulen, at det ikkje er rett å knytta det til ein av skulane. Kan jobba på eit anna vis om ein har ein kulturskulerektor som ikkje er knytt til ein bestemt skule. Sa vidare at det nok er fleire som får auka kostnad på SFO, her må det lagast ei oversikt slik at politikarane kan sjå på korleis ein kan letta kostnadene for familiar i Austrheim.

Per Lerøy sa at ein må sjå på SFO-kostnader, den kan vera ganske høg, og med orden på kommuneøkonomien er dette noko å vurdera. Her svara Bjørnar Fjellhaug at med ny rammeplan for SFO så må kommunen sjå nærare på innhaldet i SFO, dette skal også vera ein læringsarene, og Lerøy repliserte at dette berre gjer det endå viktigare at SFO vert eit tilbod til alle og ikkje berre dei som har råd til det.

Handsaming i formannskapet:  
Avrøystinga vart tatt i fleire deler:

Namn på skulane: Kaland skule og Årås skule sett opp mot rådmannens framlegg - samrøystes vedteke, rådmannens framlegg fall.

Kulturskule: KrF ønskjer å ta ut siste punktet i vedtaket, om Austrheim kulturskule - støtte frå KrF og Sp, rådmannens framlegg vedteke med 3 mot 2.

Resten av framlegget frå rådmannen, samrøystes vedteke som tilråding til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

*Formannskapet si tilråding til vedtak i kommunestyret:*

Austrheimsskulen skal vere prega av trygge, gode, inspirerande og utviklande lærings- og skulemiljø. Dette vil gjelde både det fysiske og psykiske skulemiljøet.

### Skulestruktur:

- Ungdomssteget vert samla ved Årås skule. Det vert lagt opp til ein opptrappingsplan slik at

- 7. steg ved Kaland skule startar på ungdomssteget ved Årås skule hausten 2021. 10. steg fullfører ungdomsskuleløpet ved Kaland barne- og ungdomsskule.
- Årås skule skal også frå skuleåret 2021 ha namnet Årås skule.
- Kaland barne- og ungdomsskule, blir frå hausten 2022 rein barneskule og vil då få namnet Kaland skule.
- Inntaksområdet for ungdomssteget i Austrheim vert heile Austrheim kommune. For barnestega vil gjeldande kringsgrenser halde fram. Kringsgrenser Kaland skule: Leirvåg/Litlås/Kaland, Fønnes og Bakkøy. Kringsgrenser for Årås barnesteg: Njøten/Litlelindås, Leikvoll/Førland, Hopland/Bergsvik/Lerøy, Austrheim, Sætre, Årås, Budal/Toftegård/Ulvøy, Rebnor/Øksnes/Dyrnes og Øyane. Årås ungdomsskule: Heile Austrheim kommune.

#### Andre tilrådingar:

- Det vert innført femdagarsveke for alle elevar i Austrheim frå og med hausten 2021.
  - Det vert utarbeidd samla fag- og timebyteplan for Austrheimskulen for å samkøyra start- og sluttidspunkt i så stor grad som mogleg.
- Det skal etablerast eit tenleg samarbeid med Austrheim vidaregåande skule vedk. arbeidslivsfag, forsering av fag, teknologi etc.

#### Skulebygg/skuleområde:

- Prinsippa i rapporten vert lagt til grunn som skulebruksplan for framtidig skulebygg.
- Skulane vert sett i stand i tråd med tilrådinga i rapporten til Norconsult.
  - For Årås skule må det setjast av midlar i tråd med investeringsbehova for lett ombygging/oppussing.
  - For Kaland skule må den tilretteleggjast for at spesialiserte rom kan lokaliserast i eksisterande bygg. Kostnadsramme for lett, middels og tung investeringsbehov.
  - Det vert lagt ein framdriftsplan for at desse skal vere klar så snart som mogleg. Det vert sett av ei samla investeringsramme på kr 15 mill i tråd med investeringsbehovet.
- Rådmannen kjem attende med eiga sak på endelege kostnader og plan for investeringar knytta til skulebygga. Det vert sett i gang forprosjekt slik at ein har mål om at arbeidet kan sluttførast innan skulestart hausten 2022. Som ein del av dette arbeidet skal også plan for oppgradering av uteområda, samt inventar vere ein del av prosjektet.
- Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for ein 10 årsperiode som sikrar gode skulebygg og vedlikehaldsetterslep. Finansiering av desse tiltaka må sjåast i samheng med midlar gjort tilgjengeleg gjennom sal av eigedomar, frigjering av tilgjengeleg overskot og i tråd med finansreglementet.
- Kaland 1 vert ikkje lenger nytta til skuledrift. Det må i eiga sak vurderast tiltak/bruk for Kaland 1 i framtida.
- Modulbygg på Kaland vert nytta til personalavdeling til Kaland barnehage. Det vert sett i gang eit arbeid for å kostnadsrekna løysinga og ein kjem attende med eiga sak. Modulbygget vert nytta som avlastning så lenge skulen har behov for det.

#### Austrheim kulturskule:

- Austrheim kulturskule blir administrativt samlokalisert med Kaland skule. Kulturskulen skal framleis vere desentralisert. Det vil vere mogleg å utvikle Kaland skule til eit framtidig kulturskulesenter i tillegg til dagens lokalitetar for kulturskulen. Administrativt blir kulturskulen lagt under Kaland skule og tenestetilbodet må forankrast i ein musikk- og



kulturskuleplan.

- **Prinsippa i rapport: «Austrheimskulen i framtida – skulestruktur 2021» ligg til grunn for Austrheimskulen i framtida.**

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

Det er stor glede å leggje fram sak om “Austrheimskulen i framtida – ny skulestruktur 2021” til slutthandsaming. Dette er kanskje ei av dei viktigaste sakene vi legg fram og vi har tru på at det grunnlaget som er gjort greie for i saka gjev retning og mål for Austrheimskulen i framtida og eit framtidsretta opplæringstilbod for Austrheimelevane. Skulen i framtida må leggje vekt på eit likeverdig tilbod og ikkje minst eit framtidsretta lærings- og utviklingsmiljø for born og unge i Austrheimskulen. Prinsippet som er lagt til grunn er “elevens beste” og målet vårt er at vi skal vere den beste opplæringskommunen i framtida. Vi skal også vere ein attraktiv kommune både å bu, arbeide og utvikle seg i, og vi veit at gode skular er med på å skape dette grunnlaget.

Grunnlaget som er gjeve i saka utfordrar til å prioritere og satse. Vi skal vere ambisiøse på elevane våre sine vegne og det krev gode skulebygg, kreative utemiljø, ein raud tråd gjennom opplæringsløpet og moglegheit for danning, læring og utvikling.

Det har vore fleire rundar tidlegare knytta til skulestruktur i Austrheim, som har konkludert med å halda fram slik det har vore. Rådmannen meiner at tida no er rett for å ta grep for å sikra gode skular og eit godt opplæringstilbod til innbyggjarane i Austrheim. Det er også viktig for å skapa arbeidsro slik at ein kan arbeida målretta å skapa den beste skulen for elevane i Austrheim. Det krev at det også må prioriterast midlar og at det vert ein heilskapleg plan for Austrheimskulen. Ved å vedta prinsippa i saka, gjev ein politisk retning og administrasjonen vil følgje opp gjennom ulike delmål frametter for å følgja opp føringane.

Formannskapet vedtok 11.11.2020 å leggja sak om «Austrheimskulen i framtida – ny skulestruktur 2021» ut på høyring i tråd med innstillinga saka. Høyringsfristen vart sett til 24. desember 2020.

### **Oppdrag og mandat**

Kommunestyret har i vedtak KS 086/19 vedteke i punkt 12: *«Kommunestyret ber om at rådmannen gjer følgjande utgreiingar i 2020: Kostnader, pedagogiske og sosiale effektar av å samla ungdomstrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnader og driftskostnader gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan. Kostnader, pedagogiske og sosiale effektar av å samla mellomtrinnet på ein av skulane i kommunen. Her må både investeringskostnader og driftskostnader gjerast greie for og det må leggjast fram ein realistisk framdriftsplan. Kommunestyret ber om klare råd om korleis skulestrukturen i kommunen skal vera i framtida. Målet må vera at ein kan få på plass ein felles ungdomsskule frå skuleåret 2021/2022. Kommunestyret ber også rådmannen om å starta drøftingar med Alver kommune om godtgjersle for*

*eleva frå Åsheim-krinsen som går på Kaland barne- og ungdomsskule».*

Austrheim har fleire gongar tidlegare vurdert skulestruktur og samlokalisering av ungdomssteget i kommunen. Våren 1995 vart det fremja sak på bakgrunn av kommunestyrevedtak 105/94 som gav rådmannen i oppgåve å «*få vurdert konsekvensane av å samla ungdomstrinnet på ein av skolane i kommunen*». Vurderinga rådmannen den gongen gjorde var å vurdere to opplegg, a) ein kombinert barne- og ungdomsskule (1.-9. klasse) på Årås skule og ein barneskule på Kaland (1.-6.klasse) og b) ein kombinert barne- og ungdomsskule (1.-9. klasse) på Kaland skule og ein barneskule på Årås (1.-6. klasse). Det vart ikkje gjort endringar i skulestrukturen.

Saka om vurdering av skulestrukturen vart på nytt fremja og vurdert i 1999. I sak 044/99 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

1. Skulestrukturen i kommunen vert ikkje endra.
2. I tillegg til dei ordinære timerressursane vert det sett av ein styrkingsressurs som kan nyttast til å løysa særlege behov i grunnskulen m.a. i høve til lærings- og klasse miljø. For skuleåret 1999/2000 vert styrkingsressursen sett til 15 t/v. Dette timetalet vert å arbeida inn i vedtaket om timerressursar for 1999/2000 og kjem i tillegg til den ordinære timerressursen. Ordninga med ein styrkingsressurs må evaluerast årleg i høve til ressursbruk og føremålet med ordninga.

I 2014 vart det også i samarbeid med dåverande Hordaland fylkeskommune gjort eit utgreiingsarbeid om ein 8-13 skule-samarbeid i Austrheim. Fylkeskommunen gjorde i Fylkestinget sak 22/15 følgjande vedtak: «*Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8-13-løp mellom Hordaland fylkeskommune og Austrheim kommune med utgangspunkt i skulen si noverande plassering i Mastrevikane. Naudsynt rehabilitering vert gjort. Fagtilbodet på Austrheim vert utvikla med utgangspunkt i det tilbodet skulen gir i dag (ALT. 1). Hordaland fylkeskommune arbeider mot et tettere samarbeid og involvering rettet mot kommunene i Nord – Hordaland og Sogn og Fjordane (Gulen / Solund)*».

Austrheim kommune gjorde kommunestyret sak 044/15 følgjande vedtak:

*«Kommunestyret tar vedtaket av 11.03.2015 i Hordaland fylkesting om 8-13 skule i Austrheim til vitande, og ber rådmannen starte arbeidet med å etablere eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom Austrheim kommune og Hordaland Fylkeskommune. Dette samarbeidet skal vere knytt til undervisning i eit 8-13 løp, og leggje eit godt grunnlag for at alle elevane skal kunne gjennomføre vidaregåande skule».*

### **Utgreiingsrapport «Austrheimskulen i framtida – Skulestruktur 2021»**

Administrasjonen har utarbeidd ein utgreiingsrapport som gjer greie for moment og grunnlag for framtidig skulestruktur i Austrheim.

Til grunn for vurderingane er til «elevens beste». Det omfattar at elevane i Austrheimskulen skal ha eit trygt, godt, inspirerande og utviklande lærings- og skulemiljø. Det er viktig at det er godt pedagogisk kompetanse og kvalitet, samstundes som elevane må oppleve gode sosiale og relasjonelle kvalitetar gjennom skuleløpet.

Austrheim har ikkje hatt ein vedteken skulebruksplan. Det er difor også lagt til grunn i utgreiinga

prinsipp og program for framtidig skulebygg og moglege ombyggingar av skulen/ane.

### **Elevtalsutvikling**

Elevtalsutviklinga i Austrheim er synkende. Prognosar frå SSB syner i perioden fram til 2035 ei forventa folketalsauke på 320 innbyggjarar. Forventa folketalauke vil kome i gruppa mellom 50 og 99 år, medan framskrivinga syner ei svak nedgang på innbyggjarar mellom 0-20 år i same periode. Dette gjer det utfordrande med tanke på framtidig skuleutbygging. Vi veit samstundes at gode skular og gode skulebygg er ein faktor som gjer til at småbornsfamiliar vil busetja seg i kommunen. Det er difor viktig at ein prioriterer gode skulebygg for innbyggjarane i Austrheim.

### **Tilstandsrapport skulebygg**

Norconsult har utarbeidd ein tilstandsrapport for begge skulane, ein for Årås og ein for Kaland skule. Tilstandsrapporten er basert på teknisk tilstand av bygget slik det framstår i dag og kva tiltak som blir tilrådd utført før vidare vedlikehald og naudsynt utbetring basert på dagens bruk. Rapportane inneheld tekstrapport, kostnadsestimat basert på norsk prisbok og erfaringstal, samt biletdokumentasjon. Hovudtilrådinga er basert på kva som må gjerast innan ein 10-årsperiode.

Nokon av tilrådingane i tilstandsrapporten, kan løysast ved at ein følgjer tilråding om tilrettelegging, ombygging og utbygging skissert i saka.

Tilstandsrapporten for Kaland 1, tilseier svært omfattande tiltak for å få den i god stand til dagens krav til skulebruk. Rådmannen ser ikkje at det er tilrådeleg å gjere slike store investeringar for å få Kaland 1 i stand, då det vert samanlikna med nyskuleinvestering. Ein bør i så høve vurdere å byggje heilt ny skule, evt at barnesteget vert samla på Årås skule og at det vert bygd ein ny ungdomsskule for heile kommunen. Tilrådinga frå rådmannen er at Kaland vert gjort i stand slik tilrådingane i hovudrapporten gjev som ein god 1-7 barneskule og at det vert gjort dei tilpassingar og tilbygg på Årås som ein 1-10 barne- og ungdomsskule.

Samla kostnad for Årås skule når det gjeld vedlikehald og utbetring i 10-årsperioden er det estimert til kr 15,4 mill inkl. mva.

Samla kostnad for Kaland skule når det gjeld vedlikehald og utbetring i 10-årsperioden er det estimert til kr 36,1 mill inkl mva. (Herunder også oppgradering av Kaland 1).

Ein tilrår at det vert utarbeidd ein vedlikehaldsplan for 10-årsperioden for å taka i vare bygga, i tråd med vedtak i framtidig skulestruktur. Finansiering av desse tiltaka må sjåast i samheng med midlar gjort tilgjengeleg gjennom sal av eigedomar, frigjering av tilgjengeleg overskot og i tråd med finansreglementet.

### **Moglegheitsstudie av skulebygga**

Norconsult har utarbeidd moglegheitsstudie for skulebygga på Kaland og Årås. Ein tilrår rein

barneskule på Kaland. Spesialiserte læringsareal som i dag er i Kaland 1, vert tilrettelagt i dagens hovudbygg (Kaland 2 og Kaland 3). Det må byggjast betre garderobefasilitetar for elevane og nokre tilpassingar elles. Kaland må også sjåast på og vurderast i høve universell utforming då det er høgdeulikskapar mellom læringsareala.

Årås skule er betre universelt utforma med alt på eit plan. For å gje tilbod til evt. større kull og dekkja eit godt framtidretta ungdomssteg, bør det byggjast ut med ein læringsarena. Det vert også synt til at det bør sjåast på om å ha eit fellesareal som ein kan samla storparten av elevane innandørs. Norconsult vurderer at det er stor moglegheit for det.

I rapporten/utgreiinga er det også gjort greie for følgjande områder:

- **Femdagars veke for alle elevar i Austrheimskulen**
- **Samarbeidsarenaer**
- **Kulturskulen – framtidias kulturskule**
- **Samla mellomsteg**
- **Kompetanse – laget rundt eleven**
- **Inkluderande skulemiljø / læringsmiljø**

Ein ser av tidlegare prosessar rundt samanslåing av ungdomssteget, har det stort sett vore semje om at dei bør både pedagogisk og sosialt samlast. Det er viktig med samhandling, relasjonar, sosialt og fagleg å vere i eit større miljø. Det vert også sett på som ein styrke at ein får ein tydlegare overgang frå barnesteg til ungdomssteg. Det som har vore peika på, er at det er viktig at det er ein skulestruktur på plass og ein gode skulebygg, før ein samlar ungdomssteget. Det som kan verke negativt, er at det vil for somme elevar medføre lengre reiseveg. Det vert likevel vurdert til at avstandane innan kommunen, ikkje er vesentlege.

Rådmannen meiner at ein gjennom denne utgreiinga peikar på retning for framtidias skule i Austrheim kommune.

## **Vurdering**

Austrheimsskulen skal vere prega av trygge, gode, inspirerande og utviklande lærings- og skulemiljøet. **Dette vil gjelde både det fysiske og psykiske skulemiljøet.**

**I utgreiinga er det gjort greie for ulike sider ved skulestruktur og framtida skule.**

1. Austrheim kommune har ikkje hatt ein vedteken skulebruksplan. Ein har i saka gjort greie for framtidig behov og prinsipp som bør liggje til grunn ved ombygging og/evt nybygg av skular. Det må prioriterast å ha gode skulebygg. Det fremjar god helse, trivsel og læring, og hindrar negativ åtferd. I rapporten frå Norconsult legg ein til grunn eit kostnadsestimat for å gjere Kaland skule til ein god barneskule og Årås til ein god barne- og ungdomsskule. Det bør prioriterast midlar for setja skulane i god stand etter tilråding frå Norconsult sin rapport. Ein vedtek også prinsippa i kapittel 8 som gjeldande for skuleutvikling i Austrheim. Føringane gjennom lov og føresegner er gjort greie for i kapittel 7.
2. Rådmannen tilrår at ein knyttar eit meir forpliktande samarbeid ved fylkeskommunen og

- vidaregåande opplæring, for å utvikla eit endå betre skuletilbod for elevane våre. Det må prioriterast midlar til eit slikt samarbeid og vere politisk vilje for at det er vegen å gå.
3. Rådmannen ser på bakgrunn av det som er gjort greie for i denne utgreiinga at den beste lokaliteten for ungdomssteget er på Årås skule. Her er nært knytta til Austrheimhallen og nært knytta til vidaregåande skule som ein vonleg kan få endå tettare samarbeid med. Ungdomssteget treng også meir tilrettelagt spesialiserte rom og tilbod, enn barnesteget og ein ser at det pedagogisk er best tilrettelagt slik i dag på Årås. Alver kommunestyre vedtok i desember at elevane i Åsheim krins skal frå hausten 2021 gå på Lindås ungdomsskule. Elevane på komande 10.trinn får fullføre skulegangen på Kaland, under føresetnad av at vedtaket i saka blir i tråd med innstillinga til rådmannen. Elevtalet på Fedje er synkande og det er færre elevar på ungdomssteget. Det kan vere høve for at ein på sikt kan inngå interkommunalt samarbeid om ungdomsstegselevane på Fedje. Ved å lokalisere ungdomssteget på Årås, vert det då kort avstand for Fedje elevane også. Ein tilrår ei opptrapping av ungdomssteget på Årås skule. Dette medfører at komande 8.steg vil hausten 2022 starte ved Årås skule, medan komande 10. steg fullfører utdanningsløpet ved Kaland skule. Dette vert vurdert til elevens beste. Det er viktig at elevane får både eit sosialt, pedagogisk og kvalitetsmessig godt tilbod. I tillegg til Austrheimhallen, vgs og kulturskule, er også ungdomsklubben nært knytta til Årås. Dette gjev eit godt og breitt tilbod til elevane.
  4. Bygningmessig blir kostnadene knytta til Kaland 1 så store at ein ser ikkje at ein har midlar til å setje denne i stand. Det må vurderast i eiga sak kva ein gjer knytta til denne. Norconsult peikar på at det ikkje vil vere behov for modulbygget ved Kaland dersom ein går for tilrådinga om felles ungdomssteg på Årås og ein rein barneskule på Kaland. Tidlegare har det vore politisk fremja at det skal ny barnehage på Kaland. Det har ikkje vore vurdert i denne saka, men rådmannen ser ikkje at det er økonomisk ramme for å investere i ny barnehage, slik ein ser folketalsutviklinga i SSB slik ho er i dag.. Det må likevel peikast på at bygningen personalet i barnehagen i dag disponerer, er av ein slik standard, at det snarleg må gjerast noko med den. Ein tilrår at modulbygget på Kaland vert omdisponert og nytta til personalareal og flyttast nærare barnehagen. Det må evt. utgreiast kva kostnader det vil medføre, men monaleg mindre enn å rusta opp eksisterande bygg. Det må også sjåast på korleis bygga på ein tenleg måte kan knyttast saman.
  5. Som gjort greie for i kapittel 12, tilrår ikkje rådmannen å samla mellomsteget på ein av skulane. Det vil vere kapasitetsutfordringar, store kostnader med utbygging/tilrettelegging og dei pedagogiske konsekvensane for negative.
  6. Vi ynskjer å betra læringsresultata i skulen og er ambisiøse på elevane sine vegne. Vi ynskjer dei beste elevane og skal få den beste opplæring. Rådmannen tilrår at det frå neste skuleår av vert innført femdagars skuleveke for alle elevane i Austrheimskulen. Dette vurderer ein til best pedagogisk forsvarleg. Udir sitt rettleiarkorps støttar også femdagarsveke som eit godt pedagogisk tiltak.
  7. Vi ynskjer fleksible løysingar på skulane våre. Norconsult har i moglegheitsstudiet sett på ulike løysingar på plassering av bibliotek/mediatek og skulekjøkken på Kaland skule. Ein har motteke løysing der skulekjøkken blir flytta til der biblioteket er pr i dag. Ved å plassere skulekjøkkenet her, får ein eit betre utnytting også i samband med mat i SFO-tida. Biblioteket er sett på å flytta ned i tilknytning til der det er datarom og klasserom i dag og kan utviklast til eit godt mediatek, som også då ligg vegg i vegg med musikkrom. Dette kan gje gode fleksible løysingar. Utlån på kveldstid, er minimal og biblioteket skal vere ein viktig del av skulekvardagen og ein ser at det kan gje mange nye og fleire moglegheiter med å leggje eit mediatek her. Dette vil ein koma attende til når endeleg romplassering vert vedteken, men det er viktig at det vert tilrettelagt fleksible løysingar.

## Høyringsinnspel

Høyringsfrist vart sett til 24. desember. Innan høyringsfristen kom det inn 6 høyringsuttalar.

Det vart sendt høyringsbrev til høyringsinstansane, samt at høyringsdokumenta vart lagt ut på Austrheim kommune sine heimesider og facebookside. I tillegg til tilrådinga frå formannskapet, vart det i høyringsbrevet pressisert at vedk. kulturskulen framleis skal vere desentralisert som i dag, men at administrativt vert lokalisert til Kaland skule. Vidare vart også inntaktsområda til skulane gjort greie for og stadfesta.

2020 har vore eit annleis år på mange vis og Covid-19 situasjonen har gjort at å samla store mengder mennesker har vore vanskeleg. Det har difor ikkje vore gjennomført folkemøter i samband med høyringsrunden. Administrasjonen har stilt opp på møter der det har vore ynskje om det. Informasjon har vore gitt gjennom tilgjengelege informasjonskanalar og nytta digitale verkty.

I hovudtrekk gjev høyringsuttalane tilslutnad til rådmannen si innstilling til framtidig skulestruktur i Austrheim. Alle høyringsuttalane er vedlagt saka i sin heilskap.

### **Høyringsuttalar:**

1. **Årås skule – samordna høyringsuttale frå FAU, SU, Elevråd og skulen.**  
Høyringsuttale frå 11.desember.

Merknader:

Skulestruktur:

- Når ein først samlar ungdomsskuleelevane må alt vere klart og tilrettelagt slik at elevane får ein god start. Arbeidet må ikkje berre vere delvis gjort. Ein samala ungdomsskule skal markerast som ei stor hending. Det er òg sprsmål om kva som no skjer med komande 10.klasse på Kaland, ettersom Åsheimelevane skal til Alver hausten 2021.
- Høyringsinstansane vil at Årås skule skal heite skule òg etter ei samanslåing av ungdomsstega i kommunen.
- Inntaksområde for ungdomssteget i Austrheim vert heile Austrheim kommune. For barnestega vil gjeldande kringsgrenser halda fram.

Andre tilrådingar:

- Høyringsinstansane er positive til innføring av femdagarsveke og med det kortare dagar. Det er bra i forhold til læring og læringskvalitet.
- Det er viktig at alle partar vert informerte om praktiske tilhøve i samband med ei slik endring, som kva det vil seie for skyss og SFO, i god tid før ei endring kjem, slik at dei føresette og skulen kan planleggje sin kvardag. Det må òg kome ei avklaring på fram møte og sluttid kvar dag. Dette gjeld heile barnetrinnet som har skulefrie dagar.
- Skyss må samordnast med sluttid for elevane kvar dag i eit femdagars skuletilbod. Det er viktig å vere klar over at klassane på barnetrinnet har ulikt timetal som vil bety ulik sluttid for dei ulike klassane på barnetrinnet i løpet av veka.
- Ein vil gjerne ha eit tilbod med AVS om fleire språkfag, arbeidslivsfag og hospitering i fag. Det er viktig å understreke at samarbeidet ikkje må gå på bekostning av den daglege drifta på Årås skule, eller behova dei har no.

Skulebygg:

- *For Årås skule må det setjast av midlar i tråd med investeringsbehova:*

òg

Nybygg:

I staden for eit rom på 75m<sup>2</sup> og eit på 45m<sup>2</sup>, vil høyringsinstansane ha 2 rom på 60m<sup>2</sup> i nybygget på ungdomsskulen.

Ein vil ikkje ha ei løysing med skiljevegg, dør eller vindu mellom romma, men ein fastvegg.

Behov for utbetringar i eksisterande bygg:

- Garderobane i blokkene er for små, særleg i A-blokka. regnkle heng saman med andre klede og byttekorgene er monterte for høgt på veggen.
- Ta tilbake dei tidlegare grupperomma som er i klasseromma i A-blokka, slik at ein kan ha eit avgrensa arbeidsrom til dei elevane som treng det i løpet av dagen.
- Kle inn hemsene i A-blokka med glas og lydisolere golvet.
- Fleire vaskar både i klasserom og garderobar i alle blokkene med bakgrunn i dei erfaringane vi har gjort med covid-19 og generelle smittevernsomsyn.
- Ein tenker at dei hygienetiltaka som no er rutine vert vidareførte. Det er ønskjeleg med lange vaskar, slik at det plass til fleire om gongen.
- Elevane er tydelege på at dei ønskjer å behalde datarommet som Norconsult har foreslått som musikkrom.
- Det er nok lærararbeidsplassar i eksisterande areal på Årås skule. Ein vil derfor behalde møterommet som D-teamet nyttar no som møterom.
- Kan ein bruke det opphavelige musikkrommet som musikkrom? Er veggane lydisolerte? Dersom ein vel dette òg beheld datarommet, treng skulen eit ekstra klasserom.
- Dersom ein går vidare med planane om å ominnreie eksisterande datarom til musikkrom må veggane på begge sider av team D sitt kontor lydisoleraast.
- Det er ønskjeleg å bruke det som i dag er lager og plassering av keramikkvon til undervsningslokale for kunst & handverk.
- På grunn av at Årås skule har få grupperom, er det ønskjeleg at alle klasserom får heile vegger, i staden for bokhyller og at ein innreier veggane i landskapa i C- og D-blokka med arbeidsnisjar utstyrte med lys og kontaktpunkt.
- Fjerne alle benkar/skuffar i alle klasserom i alle blokkene. Dei er ikkje formålstenlege og tek mykje plass i romma.
- Få mobile skiljeveggar i landskapa
- Skulen må malast innvendig etter ein gjennomgåande plan, slik at resultatet er stilreint.
- Alle rom treng nye gardiner som er lystette og solskjerming.

Dette treng Årås skule av utstyr:

- Læremiddel
- Utsifting av stoler og pulter.
- Digitalt utstyr til alle elever.

### Andre investeringar

- Golv og lysarmatur
- Stolar og pultar
- Oppgradering av uteområdet.

### Uteområdet:

- Rektor har hatt møte med elevrådet som har ei utførleg liste over kva dei ønskjer seg. Det må lagast ei prioriteringsliste når vi kan søkje om spelemidlar.

### Parkering:

- Parkeringsplassen ved Austrheim-hallen må merkast, slik at det er klart kor ein kan parkere, merking og køyreretning.

Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for ein 10 årsperiode som sikrar gode skulebygg og vedlikehaldsetterslep.

- Det er svært viktig at dette arbeidet vert sett i gang snarast mogleg.

### Rådmannen sine merknader:

- Rådmannen støttar høyringsinstansane i at alt må vere klart, før elevane flyttar over til Årås skule. Det er difor skissert at ei total samlokalisering ikkje skjer før hausten 2022, då ein då har eit år til å gjere klart.
  - Alver har gjort vedtak om at elevane frå Kaland hausten 2021 skal gå på Lindås barneskule og Lindås ungdomsskule. Elevane som i dag går på 9.steg, får fullføra grunnskuleløpet på Kaland også det avsluttande skuleåret.
  - Rådmannen meiner at det er naturleg at det vert endring av namn på skulane i samband med skulestrukturendringa, særskilt når Kaland no ikkje skal vere ein kombinert skule og for å gjere tydelegare kvar ungdomssteget er lokalisert.
  - Rådmannen meiner at det må utarbeidast ein fag- og timebyteplan som samkøyrer i så stor grad som mogleg start- og sluttidspunkt for klassane. Dette for å få færrest mogleg sluttidspunkt og skyssutfordringar. Ein støttar at informasjonen må gå ut så tidleg som mogleg, slik at ein førebudd på endringane. Ein kan allereie når vedtaket er gjort, gje melding om at endring vil skje allereie frå hausten av, men at nøyktig timeplan vil ein koma attende til på eit seinare tidspunkt.
  - Samarbeidet med vidaregåande opplæring, skal ikkje gå ut over vårt eige tilbod, men vere ei styrking, alternativ og supplement.
- 
- Høyringsinstansane har gjeve innspel på korleis bygget og tilrettelegging vedk. dette. Rådmannen går ikkje inn og vurderer desse konkret i høyringa, men det må utarbeidast ein konkret plan som også vurderer desse elementa. Likevel vil rådmannen presisere at eit eige datarom, vil ein fråå då det låser fleksibiliteten til bruk og at ein frametter legg opp til berbare-pcar og ikkje stasjonere. Det er viktig at dette blir teke med og sjølv sagt må ein sjå på lydisolering av rommet når det evt. skal omgjerdast til musikkrom.



- Når det gjeld uteområdet må det takast med som ein del av oppgraderingane som må gjerast på begge skulane. Her vil brukarmedverknad og brukarinvolvering vere sentral for uteområda.
- I investeringsbudsjettet i desember har det blitt sett av kr 400 000,- i 2021 og kr 400 000,- i 2022 til læremidlar. Det har i tillegg vore gjort store innkjøp på begge skulane når det gjeld elevpc-ar og vi har kjøpt inn til saman nærare 140 elevpcar. Det må evt. lagast ein opptrappingsplan for 1-1 dekning på sikt.
- Rådmannen støttar høyringsinstansen i at oppmerking og køyremønster rundt Austrheimhallen må klargjerast og merkast tydlegare. Det skal reviderast plan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet (FIFA) i løpet 2021. Idrettshallen og parkområdet vert ein naturleg del av dette.
- Vedlikehaldsplan må utarbeidast for ein 10-årsperiode og sjåast i samanheng med dei tiltaks som no vert gjort på begge skulane ved tilrettelegging/ombygging.

## 2. **SU Kaland barne- og ungdomsskule.** Høyringsuttale frå 21.desember.

SU på Kaland barne- og ungdomsskule vil starte si uttale med å seie at dette har vore ei tung sak å ha hatt hengjande over skulekrinsen gjennom mange år. Ein vil ikkje leggje skjul på at det største ønsket hadde vore å få samla ungdomsskulen på ein ny skule heilt lausriven frå barneskulane, men ser at den økonomiske situasjonen til kommunen ikkje gjev rom for dette på mange år framover.

Det er mange følelsar og stort vemod knytt til det å eventuet leggja ned ungdomsskulen på Kaland. Det har vore ungdomsskule her i mange år, så det er ei lengre skulehistorie som no står framfor ei avgjerd. Det synast vi er verd å vise respekt for. Det er ikkje godt å vera den som misser noko, difor er det fint å lesa at kommunen ønskjer å gi noko tilbake, og at ein ser moglegheita i å etablera fleire kulturaktivitetar på Kaland. Det gjev håp om at noko nytt kan verte tilført og at kommunen ønskjer å satsa også i denne delen av kommunen. Med tilrettelegging av tomtar og byggjeland, gjev det von om tilflytting her i åra framover.

Skulen er i dag i bruk til ulike aktivitetar på kvar av vekedagane, SU er glade for at det er aktivitetar som kan halda fram i fortsetjinga uavhengig av kva kommunestyret bestemmer. Symjeklubb, skulekorps og andre aktivitetar for vaksne er viktige etablerte lag i bygda som er med på å skape liv og samhald. Dugnadsånda står høgt i området, den er det viktig å støtta opp om.

### Skulestruktur:

- Med bakgrunn i den grundige rapporten til Norconsult ser ein at med den byningsmassen som er tilgjengeleg på dei to skulane, er det Årås skule som gjev den mest økonomiske løysinga. SU støttar rådmannen sitt framlegg og er glade for at det er gjort framlegg om utfasing av elevane slik at 10.kl får gjennomført siste året sitt i grunnskulen utan altfor store og inngripande endringar.
- SU støttar rådmannen sitt framlegg til namneendringar.

- SU er svært positiv til rådmannen sitt framlegg om å etablere kulturskulen med base på Kaland. Det gjev håp om at noko nytt kan tilførast denne delen av kommunen. SU støttar rådmannen sitt framlegg.
- No har vel Alver kommune tilbakeført Åsheim krinsen til Alver kommune. Vi skulle svært gjerne hatt Åsheimkrinsen med oss i fortsetjinga. Utover dette støttar SU rådmannen sitt framlegg til inntaksområde.

#### Andre tilrådingar:

- SU ser at det er både fordelar og bakdelar med å innføra femdagarsveke for alle elevane. Foreldre er oppteken av at fri-onsdagen for 1.-3.kl har vore ein god pause for ungane, der dei kan vera heime og ha ein annleis dag.

SU ser at det vil vera pedagogiske fordelar med femdagarsveke, då ein får kortare skuledagar og fleire dagar å fordele læringsarbeidet på. Ein vil og få meir tid til leik kvar dag.

- SU støttar rådmannen sitt framlegg (til samarbeid med vgs), og synast det er eit svært godt fagleg tilbod for elevane i Austrheim. I tillegg gjev det ei tilknytning til den vidaregåande skulen i kommunen.

#### Skulebygg:

- SU meiner at det er heilt naudsynt at det vert gjort ei kraftig oppgradering av skulen på Kaland for at det skal kunna drivast god skule med dei krav til innhald og utforming som framtidens skule krev. Her er eit betydeleg etterslep på både vedlikehald og oppgradering av dei delane av skulen der klasseromma og spesialromma ligg. Norconsult har laga ein god moglegheitsstudie som kan vera eit godt utgangspunkt for dette. Kaland 1 må takast ut av bruk snarast. SU ser ikkje dette som eit bygg eigna for undervisning etter dagens krav. Det hastar å få gjort noko med bygninga.
- Kaland 1 må under ingen omstende verte ståande til nedfalls som ei spøkjelsesbygning midt i «hjarta» av bygda.
- SU meiner modulbygget i første omgng må kunne nyttast som avlastningsbygg mens ombygging pågår inne på skulen. Deretter må det flyttast frå området til skulen dersom skulen ikkje lenger skal nytta det. Kva kommunen ellers ønskjer å nytta det til, har vi ingen kommentar til.

#### **Rådmannen sine merknader:**

- Rådmannen har stor forståing for at det har vore ei tung sak hengjande over skulekrinsen gjennom mange år. Ein meiner difor at det er desto meir viktig å få ei avklaring nettopp for å skapa ro og skapa dei gode skulane vi ynskjer. Det har vore viktig at ein ikkje på noko slags vis ynskjer å nedprioritere Kaland, men heller løfte Kaland til å bli ein endå betre skule også bygnings- og arealmessig.
- Rådmannen støttar SU i at det må tidleg avklarast kva som skal skje med Kaland 1 og at den ikkje skal vere ei «spøkjelsesbygning» i bygda. Det er ikkje godt for nokon, og særskilt ikkje for elevane som dagleg ferdast i området. Rådmannen støttar vidare at Kaland 1 må takast ut av bruk så snart som råd er og ein må sjå på alternative lokalitetar fram til sommaren.
- Rådmannen skulle gjerne sett at elevane i Åsheim-krins framleis skulle gått hos oss. Det er inngått avtale med Alver kommune at komande 10.trinn skal få fullføre skulegangen i Austrheim.

- Så snart ein ikkje lenger har behov for modulbygget og ein ser at ein kan handtere under eksisterande bygningsmasse, vert den omdisponert. Det vert gjort eit utgreiingsarbeid på dette og momentet frå SU vert med i dette.

### 3. **Utdanningsforbundet Austrheim.** Høyringsuttale frå 21. desember.

Utdanningsforbundet gler seg over å lesa planen «Austrheimskulen i framtida». Me ser at det vert teikna retningar med tydeleg satsing på elevane våre, deira motivasjon og læring. Vidare ser me at det vert lagt til rette for at intensjonane i nye planar og nye arbeidsmåtar skal kunna gjennomførast på dei to skulane våre. For å lukkast i arbeidet er det viktig å få til den raude tråden frå barnehage, via barneskule og til vidaregåande opplæring, og me gler oss over at dette vert ivareteke i denne heilskaplege planen.

Det som særleg pregar oss i desse dagar, er at det no ser det ut for at Kaland skule mistar elvane sine frå Åsheim-krinsen. Me har slitne foreldre, lærarar og elevar som har stått på i arbeidet med å opplysa Alver-politikarane i saka. Det er difor ekstra verdifult om folk i Austrheim opplever at det likevel også vert satsa på Kaland skule, og at skulen vert fornya. Noko planen legg opp til. I tillegg ønskjer me at det alt no vert sagt noko om oppgradering av uteområda.

Sjølv om UDF ikkje tek stilling til kvar ein samla ungdomsskule bør liggja, ser me det som fornuftig at elevane no skal gå saman på 8.-10.-trinn frå hausten 2021. Me ser på dette som ei styrking av det faglege og sosiale på trinna for elevane, og ser fram til eit noko større fagleg miljø for dei vaksne. Me har mykje positivt å byggja vidare på.

Utdanningsforbundet ser det som verdifullt at ein no vil starta opp igjen eit samarbeid med Austrheim vidaregåande, og ser at det vil gje vinst for faget Utdanningsval. I tillegg vil det gjera det lettare å tilpassa nivå for elevar som kan nå måla til høgare trinn raskare.

Utdanningsforbundet er nøgd med at kulturskulen vert nemnd planen, og gler oss over ei satsing på denne framover. Me les mellom anna at regjeringa held på med ei barne- og ungdomskulturmelding der kulturskulen også skal inngå. Denne er først klar våren 2021, og Utdanningsforbundet meiner at det er naturleg at eit arbeid med kulturskuleplan i Austrheim startar *etter* dette. UDF meiner difor ein bør venta med politiske vedtak i saka til me har hatt ein god og deltakande prosess med ein kulturskuleplan. Utdanningsforbundet opplever ikkje at ein har noko hastverk med å gjera eit slikt vedtak, i og med at rådmannen alt i sin organisasjonsplan har plassert kulturskulen administrativt under Kaland skule. Me ønskjer at våre medlemmar og brukarar skal få ta del i prosessen vidare.

#### **UDF meiner at følgjande punkt vert teke ut av forslag til vedtak:**

\* «Austrheim kulturskule blir ...».

#### **Tilleggsforslag frå UDF:**

\* Verneomboda ved dei to skulane bør delta som arbeidstakarrepresentantar i den endelege utforminga av bygga.

\* Ein bør ta elevane med på råd, og oppgradera uteområda ved skulane.

### Rådmannen sine merknader:

- Rådmannen er glad for at Utdanningsforbundet Austrheim ser at det er tydelege ambisjonar, retningar med tydeleg satsing på elevane våre og motivasjonen og læringa. Rådmannen meiner at dette gjev tydeleg retning og mål for å auka kompetansen og kvaliteten i Austrheimskulen.
- Eit prinsipp har vore eit likeverdig tilbod for alle elevar i Austrheim. Det medfører at begge skular skal prioriterast og tilretteleggjast slik at alle har same grunnlag for lik utdanning og kompetanse vidare i livet.
- Rådmannen støttar Utdanningsforbundet i at å samla ungdomssteget vil styrka det faglege og sosiale på trinna for elevane og føra til eit større fagleg miljø for dei vaksne. Det gjev vidare betre kvalitet.
- Rådmannen ser det Utdanningsforbundet peikar på i høve kulturskulen. Ei satsing på kulturskulen er viktig. Dette legg rådmannen opp til å prioritere og peika også på i budsjettnotatet hausten 2020. Det skal utarbeidast ein kulturskuleplan som byggjer på rammeplanen, samt kva tilbod vi vil ha i Austrheim. Rådmannen ser ikkje at det er motstridande mot å leggje administrasjonen under Kaland skule. Det er viktig å presisere, og det kjem moglegvis ikkje tydeleg nok fram i utgreiinga, at kulturskulen skal på ingen måte svekkast, men ein ynskjer å styrka kulturskulen. I styrkinga ligg å knytta den sterkare opp mot skulen, samt at ein ein må ha eit endå breiare tilbod. Det er viktig at styrkinga går på visuelle fag og kunst. Når det i utgreiinga vert vist til at Kaland skule kan utviklast som eit kulturskulesenter, meiner ein at det er naturleg å kunne styrka dette opp mot skulen og fagmiljøet. Ein får utnytta ressursar og ein får knytta kulturskuletilbodet sterkare til skulen, som også er heimla i opplæringslova. Kulturskuletilbodet skal halde fram som i dag i dei eksisterande lokalitetane og vere desentralisert som i dag, men det er viktig å knytta sterkare kulturskuletilbod også opp mot skulane. Rådmannen held fast på innstillinga si og meiner det er framtidsretta.
- Rådmannen støttar innspela frå Udf om at verneomboda bør delta som arbeidstakarrepresentantar i den endelege utforminga av bygga og at elevane må takast med på råd i oppgraderinga av uteområda ved skulane.

#### 4. **Austrheim kulturskule.** Høyringsuttale frå 18. desember.

Kulturskulen er ikkje levna mykje plass i dokumentet trass i inngripande omveltingar både administrativt og i høve til lokalisering. Det fyrste som slår ein, er at utgreiinga er fullstendig historielaus. Eg føler difor trong til eit historisk tilbakeblikk. Det positive med tilrådinga er at ein legg til grunn at kulturskulen er heimla i opplæringslova og det faktum at kulturskulen no har fått ein nasjonal rammeplan, «Rammeplan for kulturskulen - Mangfald og fordjuping» som sikrar kvalitet i alle ledd i utviklinga av skuleslaget.

Det blir gjeve eit historisk tilbakeblikk over Austrheim kulturskule og lokalisering.

Forslaget om å byggja opp eit nytt kulturskulesenter på Kaland, ville vera svært øydeleggjande for kulturskulen sine elevar og foreldre. 90 % av elevane måtte då køyrast til Kaland kvar veke. Mange elevar ville ikkje koma seg til Kaland før foreldra kom frå arbeid. Lærarane måtte starta arbeidsdagen sin seinare. Undervisningsrom som grunnskulen hadde brukt, måtte også vorte reingjort før kulturskullærarane kunne starta arbeidsdagen.

I innstillinga frå kommuneleiinga vil ein leggja kulturskulen administrativt under rektor på Kaland

skule. Eg kan ikkje sjå at rektor på Kaland skule fyller desse krava. Sett i lys av at kulturskulen skal vera ein ressurs og samarbeidspart til m.a. grunnskulen, vil ein kulturskule som er underlagt grunnskulen gje eit dårleg utgangspunkt for eit slikt samarbeid.

- **Lokalisering**

Kulturskulen har sitt kulturskulesenter i noverande lokale. I ei utviding av kulturskuletilboda der skulen treng større rom ( f.eks dans) , vil det vera naturleg å søkja mot grunnskulen, men fyrst Årås skule som ligg nær kulturskulen sine lokale og nær kommunesenteret der brorparten av borna bur.

- **Administrativ plassering**

Noverande rektor i kulturskulen går av med pensjon i 2021. Det er då naturleg å lysa ut ei full stilling i kulturskulen. Dette er den sikreste og kanskje den einaste måten å få gode søkjarar til stillinga. Det er sjølvstøtt naturleg at dette vert den framtidige rektoren i kulturskulen. Det finnest ingen grunn til å innføra eit avdelingsleiarnivå til å leia kulturskulen. Rektor i kulturskulen må finna sin plass direkte under kommunalsjef slik andre rektorar er plassert. Berre slik kan ein sikra ei god utvikling av kulturskuletilbodet i kommunen.

**Rådmannen sine merknader:**

- Kulturskulerektor påpeikar at rådmannen i sitt framlegg til framtidig skulestruktur er historielaus. Rådmannen har med seg historia og det er viktig, men samstundes må ein så framover og ein framtidretta kulturskule. Det er ingen tvil om at vi har eit godt kulturskuletilbod, men vi ynskjer å prioritere dette endå sterkare, og då er også organisering og lokalisering ein viktig del å vurdere. Det kjem fram frå høyringsuttalen at ein skal bort frå lokalitetane der ein er no, dette stemmer ikkje. Kulturskulen skal utøve tilbodet slik ein gjer i dag, men at ein også på sikt, skal utvikle eit kulturskulesenter på Kaland. Dette blir eit supplement til noverande tilbod.
- Kva kulturskulerektor eller kulturskuleleiar er lokalisert administrativt, er ikkje avhengig av kva tilbod ein kan gje. Ein meiner at ved den tilrådinga ein legg opp til, vil ein styrka kulturskulen og setje den meir i fokus, enn det ein har gjort i dag. I ein kommune av vår storleik, kan det vurderast om det er behov for ein kulturskulerektor i 100 %. Kor mykje som er administrativt og kor mykje som er utøvande, må til ei kvar tid vurderast, men det som er det viktigaste frå rådmannen si side, er at kulturskulen er ein viktig del av tilbode vårt og skal vere endå sterkare i framtida.
- Det må utarbeidast ein plan for kulturskulen som seier noko om både tilbod og kvalitet. Dette skal gjerast første halvdel av 2021.
- Rådmannen ser det kulturskulerektor peikar på i høve kulturskulen. Ei satsing på kulturskulen er viktig. Dette legg rådmannen opp til å priotere og peika også på i budsjettnotatet hausten 2020. Det skal utarbeidast ein kulturskuleplan som byggjer på rammeplanen, samt kva tilbod vi vil ha i Austrheim. Rådmannen ser ikkje at det er motstridande mot å leggje administrasjonen under Kaland skule. Det er viktig å presisere, og det kjem moglegvis ikkje tydeleg nok fram i utgreiinga, at kulturskulen skal på ingen måte svekkast, men ein ynskjer å styrka kulturskulen. I styrkinga ligg å knytta den sterkare opp mot skulen, samt at ein ein må ha eit endå breiare tilbod. Det er viktig at styrkinga går på visuelle fag og kunst. Når det i utgreiinga vert vist til at Kaland skule kan utviklast som eit

kulturskulesenter, meiner ein at det er naturleg å kunne styrka dette opp mot skulen og fagmiljøet. Ein får utnytta ressursar og ein får knytta kulturskuletilbodet sterkare til skulen, som også er heimla i opplæringslova. Kulturskuletilbodet skal halde fram som i dag i dei eksisterande lokalitetane og vere desentralisert som i dag, men det er viktig å knytta sterkare kulturskuletilbod også opp mot skulane. Rådmannen held fast på innstillinga si og meiner det er framtidsretta.

- Det skal vere ein leiar for Kulturskulen uansett korleis denne er organisert. Kva vedkomande ligg i organisasjonen er ikkje det avgjerdande, men det viktigaste meiner rådmannen er at vi har ein god, framtidsretta og eit godt tilbod i kulturskulen. Rådmannen meiner at det er naturleg at det vert lyst etter 100 % leiar for kulturskulen. Denne skal stette kompetansekravet, samt at vedkomande kan nytte administrative oppgåver og utøvande oppgåver. Ein ser også viktigheita av å knytta dette opp fleirfagleg.
- Rådmannen er usamd i det som kjem fram at alt skal lokalisert til Årås då ungdomssteget no vert lokalisert på Årås, slik tilrådinga er. For rådmannen er det viktig at vi skal ha eit kulturskuletilbod som er desentralisert, som femnar heile kommunen og som legg opp til at alle skal ha like moglegheiter for å få tilbodet, om det er på Årås eller Kaland. Det som også er viktig, er at vi kan utnytte ressursane til det beste og det er ingen intensjon om at nokon skal få lengre kvardagar, men at vi skal få ei meir effektiv og god teneste og eit breiare tenestetilbod.

##### 5. **Austrheim KrF.** Høyringsuttale frå 23. desember.

Det er ein veldig bra og grundig plan med angitt retning og tankar om Austrheimskulen i framtida.

KrF likar at det vert drege så tydeleg opp eit samarbeid mellom ungdomsskulen og vidaregåande gjennom utdanningsval og tankar om at dei elevane på ungdomsskulen som kan få tilrettelagt undervisning kan få fylgja fag på vidaregåande.

KrF er positiv til planen om å samla ungdomstrinnet på Årås og dette er etter KrF si meining den mest fornuftige løysinga.

Når det gjeld kulturskulen så vert det arbeida med ein kulturskuleplan. KrF meiner at ein bør ikkje gjera politiske vedtak som vedkjem kulturskulen før ein har vedteke ein gjeldande kulturskuleplan og KrF meiner at ein bør ta dette punktet ut av vedtaket. Dette gjeld både den administrative leiinga av kulturskulen og tanken med ein kulturskulebase på Kaland skule.

Administrativt må kulturskulen ha eigen rektor som har ei delt administrativ og lærarstilling. Dette er slik det fungerer i dag.

Planen seier mykje om vedlikehald og oppgradering av bygningsmassen, men «ingenting» om uteområda.

Det er viktig med ein raud tråd i Austrheimskulen frå barnehage, via barneskule, ungdomsskule og til og med vidaregåande og slik planen framstår er den med på å leggje grunnlaget for dette.

### **Rådmannen sine merknader:**

- Rådmannen er glad for at KrF ser at det er ein bra og grundig plan med angitt retning og tankar om Austrheimskulen i framtida.
- Rådmannen hadde i utgangspunktet ikkje ei bestilling om å sjå på uteområdet, men sjølvstøtt blir det ein naturleg del av arbeidet. Rådmannen meiner at dette må vere neste steg når ein vedtek prinsippa og planen for skulen i framtida i Austrheim, der det også vert vist til at uteområda er ein viktig arena for elevane. Dette medfører at det også må setjast av midlar til at dette må vere ein del av arbeidet. Rådmannen tek med seg dette inn i det vidare delarbeidet mot Austrheimskulen i framtida.
- Prinsippa for den «raude tråden» meiner rådmannen er lagt i utgreiinga. Dette blir teken med i det vidare arbeidet i utarbeiding av ein oppvekstplan for Austrheim og det er naturleg at løpet frå barnehage, gjennom skule og vgs blir ein del av dette.
- Rådmannen ser det KrF peikar på i høve kulturskulen. Ei satsing på kulturskulen er viktig. Dette legg rådmannen opp til å prioritere og peika også på i budsjettnotatet hausten 2020. Det skal utarbeidast ein kulturskuleplan som byggjer på rammeplanen, samt kva tilbod vi vil ha i Austrheim. Rådmannen ser ikkje at det er motstridande mot å leggje administrasjonen under Kaland skule. Det er viktig å presisere, og det kjem moglegvis ikkje tydeleg nok fram i utgreiinga, at kulturskulen skal på ingen måte svekkast, men ein ynskjer å styrka kulturskulen. I styrkinga ligg å knytta den sterkare opp mot skulen, samt at ein må ha eit endå breiare tilbod. Det er viktig at styrkinga går på visuelle fag og kunst. Når det i utgreiinga vert vist til at Kaland skule kan utviklast som eit kulturskulesenter, meiner ein at det er naturleg å kunne styrka dette opp mot skulen og fagmiljøet. Ein får utnytta ressursar og ein får knytta kulturskuletilbodet sterkare til skulen, som også er heimla i opplæringslova. Kulturskuletilbodet skal halde fram som i dag i dei eksisterande lokalitetane og vere desentralisert som i dag, men det er viktig å knytta sterkare kulturskuletilbod også opp mot skulane. Rådmannen held fast på innstillinga si og meiner det er framtidsretta.
- Det skal vere ein leiar for Kulturskulen uansett korleis denne er organisert. Kva vedkomande ligg i organisasjonen er ikkje det avgjerande, men det viktigaste meiner rådmannen er at vi har ein god, framtidsretta og eit godt tilbod i kulturskulen.

### **6. *Austrheim ungdomsråd.* Høyringsuttale frå 04. desember.**

- Austrheim ungdomsråd ønskjer at ein spør dei som skal gå i 10. klasse til hausten om dei ønskjer å bli igjen på Kaland eller om dei ønskjer å vera med i flyttinga til Årås. Det kan verta litt einsamt å vera aleine på ungdomskuletrinnet som ein klasse.
- Det er viktig at det vert ein dag der 7. klasse kan besøke Årås og verta kjend med skulen og med klassen dei skal gå saman med i 8. klasse. Her kan ungdomsrådet delta med aktivitetar om det er ønskjeleg.
- 5. dagars skule for alle er bra tiltak.
  1. Korleis kjem dei seg heim når dei har kortare dagar. Går det skulebuss?

### **Rådmannen sine merknader:**

- Elevane som skal gå på 10.trinn er ikkje spurt om kva dei ynskjer, men gjennom SU og innspel frå foreldre/føresettegruppa er det gjeve ettertrykkeleg ynskje om å fullføre

skulegangen på Kaland. Ein ser det ungdomsrådet påpeikar at det kan bli einsamt, men samstundes meiner ein at det kan ein taka i vare og ein kan samarbeide med 10.trinn på Årås.

- Veldig flott at ungdomsrådet vil delta med aktivitetar for overgangen frå barneskulen til ungdomssteget. Det ser rådmannen som viktig og vil utfordre ungdomsrådet til å gjere årleg.
- Det vil bli sett inn skuleskyss for dei elevane som skal heim etter endt skuledag ved innføring av femdagarsveke.

Alver kommunestyre vedtok desember 2020 å avvikla den interkommunale skulekrinsen for Åsheim krins med Austrheim kommune. Dei vedtok at elevane tilhøyrande denne krinsen skal frå hausten 2021 gå i Alver kommune og høvesvis på Lindås barneskule og Lindås ungdomsskule. Alver har spurd om elevane på komande 10.trinn kan fullføra skuleløpet på Kaland skule. Rådmannen har gjeve tilslutnad til det under føresetnad av at det politiske vedtaket i denne saka følgjer tilrådinga om utfasing av ungdomssteget ved Kaland barne- og ungdomsskule.

## Konklusjon

Austrheimsskulen skal vere prega av trygge, gode, inspirerande og utviklande lærings- og skulemiljø. **Dette vil gjelde både det fysiske og psykiske skulemiljøet.**

### Skulestruktur:

- Ungdomssteget vert samla ved Årås skule. Det vert lagt opp til ein opptrappingsplan slik at 7.steg ved Kaland skule startar på ungdomssteget ved Årås skule hausten 2021. 10.steg fullfører ungdomsskuleløpet ved Kaland barne- og ungdomsskule.
- Årås skule vert frå skuleåret 2021 Årås barne- og ungdomsskule.
- Kaland barne- og ungdomsskule, blir frå hausten 2022 rein barneskule og vil då få namnet Kaland barneskule.
- Inntaksområdet for ungdomssteget i Austrheim vert heile Austrheim kommune. For barnestega vil gjeldande kringsgrenser halde fram. Kringgrenser Kaland skule: Leirvåg/Litlås/Kaland, Fønnes og Bakkøy. Kringgrenser for Årås barnesteg: Nøten/Litlelindås, Leikvoll/Førland, Hopland/Bergsvik/Lerøy, Austrheim, Sætre, Årås, Budal/Toftegård/Ulvøy, Rebnor/Øksnes/Dyrnes og Øyane. Årås ungdomsskule: Heile Austrheim kommune.

### Andre tilrådingar:

- Det vert innført femdagarsveke for alle elevar i Austrheim frå og med hausten 2021.
  2. Det vert utarbeidd samla fag- og timebyteplan for Austrheimskulen for å samkøyra start- og sluttidspunkt i så stor grad som mogleg.
  3. Det vert utarbeidd samla fag- og timebyteplan for Austrheimskulen for å samkøyra start- og sluttidspunkt i så stor grad som mogleg.
- Det skal etablerast eit tenleg samarbeid med Austrheim vidaregåande skule vedk. arbeidslivsfag, forsering av fag, teknologi etc.

### Skulebygg/skuleområde:

- Prinsippa i rapporten vert lagt til grunn som skulebruksplan for framtidig skulebygg.
- Skulane vert sett i stand i tråd med tilrådinga i rapporten til Norconsult.
  4. For Årås skule må det setjast av midlar i tråd med investeringsbehova for lett



- ombygging/oppussing.
5. For Kaland skule må den tilretteleggjast for at spesialiserte rom kan lokaliserast i eksisterande bygg. Kostnadsramme for lett, middels og tung investeringsbehov.
  6. Det vert lagt ein framdriftsplan for at desse skal vere klar så snart som mogleg. Det vert sett av ei samla investeringsramme på kr 15 mill i tråd med investeringsbehovet.
- Rådmannen kjem attende med eiga sak på endelege kostnader og plan for investeringar knytta til skulebygga. Det vert sett i gang forprosjekt slik at ein har mål om at arbeidet kan slutførast innan skulestart hausten 2022. Som ein del av dette arbeidet skal også plan for oppgradering av uteområda, samt inventar vere ein del av prosjektet.
  - Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for ein 10 årsperiode som sikrar gode skulebygg og vedlikehaldsetterslep. Finansiering av desse tiltaka må sjåast i samheng med midlar gjort tilgjengeleg gjennom sal av eigedomar, frigjering av tilgjengeleg overskot og i tråd med finansreglementet.
  - Kaland 1 vert ikkje lenger nytta til skuledrift. Det må i eiga sak vurderast tiltak/bruk for Kaland 1 i framtida.
  - Modulbygg på Kaland vert nytta til personalavdeling til Kaland barnehage. Det vert sett i gang eit arbeid for å kostnadsrekna løysinga og ein kjem attende med eiga sak. Modulbygget vert nytta som avlastning så lenge skulen har behov for det.

#### Austrheim kulturskule:

- Austrheim kulturskule blir administrativt samlokalisert med Kaland barneskule. Kulturskulen skal framleis vere desentralisert. Det vil vere mogleg å utvikle Kaland barneskule til eit framtidig kulturskulesenter i tillegg til dagens lokalitetar for kulturskulen. Administrativt blir kulturskulen lagt under Kaland skule og tenestetilbodet må forankrast i ein musikk- og kulturskuleplan.
- ***Prinsippa i rapport: «Austrheimskulen i framtida – skulestruktur 2021» ligg til grunn for Austrheimskulen i framtida.***

#### **Tilråding til vedtak:**

Kommunestyret vedtek:

Austrheimsskulen skal vere prega av trygge, gode, inspirerande og utviklande lærings- og skulemiljø. **Dette vil gjelde både det fysiske og psykiske skulemiljøet.**

#### Skulestruktur:

- Ungdomssteget vert samla ved Årås skule. Det vert lagt opp til ein opptrappingsplan slik at 7.steg ved Kaland skule startar på ungdomssteget ved Årås skule hausten 2021. 10.steg fullfører ungdomsskuleløpet ved Kaland barne- og ungdomsskule.
- Årås skule vert frå skuleåret 2021 Årås barne- og ungdomsskule.
- Kaland barne- og ungdomsskule, blir frå hausten 2022 rein barneskule og vil då få namnet Kaland barneskule.
- Inntaksområdet for ungdomssteget i Austrheim vert heile Austrheim kommune. For barnestega vil gjeldande kringsgrenser halde fram. Kringsgrenser Kaland skule: Leirvåg/Litlås/Kaland, Fønnes og Bakkøy. Kringsgrenser for Årås barnesteg: Nøten/Litleindås, Leikvoll/Førland, Hopland/Bergsvik/Lerøy, Austrheim, Sætre, Årås, Budal/Tofttegård/Ulvøy, Rebnor/Øksnes/Dyrnes og Øyane. Årås ungdomsskule: Heile

Austrheim kommune.

Andre tilrådingar:

- Det vert innført femdagarsveke for alle elevar i Austrheim frå og med hausten 2021.
  7. Det vert utarbeidd samla fag- og timebyteplan for Austrheimskulen for å samkøyra start- og sluttidspunkt i så stor grad som mogleg.
- Det skal etablerast eit tenleg samarbeid med Austrheim vidaregåande skule vedk. arbeidslivsfag, forsering av fag, teknologi etc.

Skulebygg/skuleområde:

- Prinsippa i rapporten vert lagt til grunn som skulebruksplan for framtidig skulebygg.
- Skulane vert sett i stand i tråd med tilrådinga i rapporten til Norconsult.
  8. For Årås skule må det setjast av midlar i tråd med investeringsbehova for lett ombygging/oppussing.
  9. For Kaland skule må den tilretteleggjast for at spesialiserte rom kan lokalisrast i eksisterande bygg. Kostnadsramme for lett, middels og tung investeringsbehov.
  10. Det vert lagt ein framdriftsplan for at desse skal vere klar så snart som mogleg. Det vert sett av ei samla investeringsramme på kr 15 mill i tråd med investeringsbehovet.
- Rådmannen kjem attende med eiga sak på endelege kostnader og plan for investeringar knytta til skulebygga. Det vert sett i gang forprosjekt slik at ein har mål om at arbeidet kan slutførast innan skulestart hausten 2022. Som ein del av dette arbeidet skal også plan for oppgradering av uteområda, samt inventar vere ein del av prosjektet.
- Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for ein 10 årsperiode som sikrar gode skulebygg og vedlikehaldsetterslep. Finansiering av desse tiltaka må sjåast i samheng med midlar gjort tilgjengeleg gjennom sal av eigedomar, frigjering av tilgjengeleg overskot og i tråd med finansreglementet.
- Kaland 1 vert ikkje lenger nytta til skuledrift. Det må i eiga sak vurderast tiltak/bruk for Kaland 1 i framtida.
- Modulbygg på Kaland vert nytta til personalavdeling til Kaland barnehage. Det vert sett i gang eit arbeid for å kostnadsrekna løysinga og ein kjem attende med eiga sak. Modulbygget vert nytta som avlastning så lenge skulen har behov for det.

Austrheim kulturskule:

- Austrheim kulturskule blir administrativt samlokalisert med Kaland barneskule. Kulturskulen skal framleis vere desentralisert. Det vil vere mogleg å utvikle Kaland barneskule til eit framtidig kulturskulesenter i tillegg til dagens lokalitetar for kulturskulen. Administrativt blir kulturskulen lagt under Kaland skule og tenestetilbodet må forankrast i ein musikk- og kulturskuleplan.
- **Prinsippa i rapport: «Austrheimskulen i framtida – skulestruktur 2021» ligg til grunn for Austrheimskulen i framtida.**